



Ei stor gruppe frå eller med tilknytning til Uskedalen på Rosendalstunet i kveld. Inger Hus, Turid Sannes, Sigrun og Trygve Haugland, Aslaug Omvik, Else Guddal, Ingrid Ljosnes, Eivind Steinsletten, Ingrid Høyland, Svein Rimestad, Kristian Bringedal og Anlaug Brakstad. Niils og Elisa Haugland, Kåre Ljosnes og Mette Lauvsnes var også med på tilskippinga.

Kvar andre tysdag i månaden er det Syng med oss på Rosendalstunet. Anlaug Brakstad (frå Uskedalen, no busett på Seimsfoss) er ein av mange frivillige som legg ned eit stort arbeid med mat og det å skapa trivsel på Rosendalstunet. I kveld var Svein Rimestad og Kristian Bringedal sentrale personar i programmet. Av alle frammøtte kan vi rekna rundt 15 personar frå Uskedalen eller med tilknytning til bygda.

Syng med oss har vore eit fast innslag på Rosendalstunet i mange år. Soneleiar Leif Kongestøl og Inger Naterstad frå personale er viktige personar for å halda oppe aktiviteten. Reidar Algerøy hjelper ofte til med pianospel.

Uskedal Helselag har sine faste besøk på Rosendalstunet. Dei er på sin måte med på å skapa trivsel på heimen og halda kontakten med brukarar frå Uskedalen. Rimestad og Bringedal sitt innslag i kveld var todelt,- med allsong og kåseri. Tema for kåseriet var: Minneboka fortel. Alle har ei eller fleire minnebøker. Ta dei fram og finn den raude tråden i budskapet.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Åse Guddal